
Vår referanse 2021/45368-2
Dato 31.08.2021

Arve Rødland
Stranda 878
5993 OSTEREIDET

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - fv 5458 - gnr 10 bnr 27 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 27.08.2021.

Saka gjeld

Det er søkt om bygging av veranda på to sider av bustadhuset på andre sida av bustadhuset i høve til fylkesveg. Tiltaket medfører derfor ikkje at byggverk kjem nærmare fylkesveg FV5458 enn i dag.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5458 for å oppføre veranda på gnr. 10 bnr. 27 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 27.08.2021 som er lagt som vedlegg i søknaden.
2. Avstanden frå veranda til senterlina på fylkesveg 5458 skal vera minst 32 meter.
3. Verandaen må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5458.
5. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Oppføring av verandaen vil ikkje medføre tiltak nærmare fylkesvegen enn i dag, vi vil derfor gje dispensasjon i denne saka.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen

til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Hege Løvteit
leiar

Kari Elster Moen
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER
KOMMUNE

Postboks 4